

Prosedyre og rutine for barn som pårørende

Formål

Born og unge (0-18 år) er pårørende når føresette eller søsken opplever helseproblem eller når nære personar dør. Dette omfattar biologiske barn, adoptivbarn, ste- og fosterbarn. Prosedyra gjeld og når barnet sjølv har mindreårige søsken.

Bakgrunn

Ein stor andel born og unge opplever å vere pårørende i løpet av oppveksten. Føresette eller søskens helseproblem eller død påverkar born- og unges tankar, følelsar og kvardagsliv.

- Born er pårørende når føresette eller søsken opplever psykisk sjukdom, rusmiddelavhengighet eller alvorleg somatisk sjukdom eller skade.
- Born er også pårørende når føresette, søsken eller nære personar dør.
- Born vert påverka av føresette/søsken sin sjukdom og kan utvikle eigne problem.
- Born har behov for å bli inkludert, informert og hørt ved sjukdom i familien.
- Born som pårørende-arbeid kan bidra til å forebygge sjukdom, og fremme barna si helse, livskvalitet og trivsel.
- Born som pårørende-arbeid gjer positive ringverknader for pasienten og familien.

Roller og ansvar

Informasjon og oppfølging av born som pårørende er i første rekke foreldre sitt ansvar.

Den som har helseproblema er opptatt av situasjonen rundt barnet, rollen som føresett, omsorgsperson og søsken. Dette kan virke inn på personens helsetilstand og behandling.

Andre vaksne i familien kan oppleve at dei både skal ivareta borna og den som har helseproblem. Dette er ei utfordrande dobbeltrolle.

Ifølge helsepersonelloven § 10a og §10b har vi som helsepersonell plikt til å bidra til å ivareta mindreårige born som er pårørende til føresette eller søsken av psykisk sjuke, rusmiddelavhengige, alvorlig somatisk sjuke eller skadde pasientar. Vi har også plikt til å bidra til å ivareta mindreårige born som er etterlatte.

Helsepersonellets roller og ansvar:

- Må avklare om pasienten har mindreårige born og mindreårige søsken.
- Må bidra til å ivareta barnets behov for informasjon, støtte og naudsynt oppfølging.
- Må ha eit godt samarbeid med føresette eller omsorgspersonane til barnet.
- Skal innhente samtykke til å foreta oppfølging som helsepersonellet anser som hensiktsmessig.
- Må holde REGLER om taushetsplikt.
- Skal ha grunnleggande kompetanse i arbeid med born som pårørnde.
- Skal koordinere og fremje arbeidet i eiga eining/avdeling.
- Skal bidra med informasjon og rettleiing av kollega utan å overta ansvarsoppgåvene.
- Bør ha oversikt over tiltak og hjelpeinstansar.
- Bør ha god kunnskap om barnets situasjon og behov.
- Må sjølv innhente kunnskap og kompetanse.

Leiars ansvar

- Må sørge for at prosedyrane om barn som pårørnde-arbeidet vert følgd.
- Må sørge for kompetanseheving blant tilsette via opplæring, internundervisning, kurs, e-læring og regelmessig rettleiing
- Må sørge for at einingane er tilrettelagt for born på besøk.
- Viktig å inkludere born som pårørnde-arbeid i pasient- og pårørndeinformasjon.
- Inkludering av born som pårørnde-arbeid i strategiplan, med tanke på implementering på systemnivå (eks. tenesteavtaler, samarbeidsavtaler osv).

Framgangsmåte kan beskrivast i følgjande steg

Kartlegging av born som pårørande

Tiltak for born som pårørande

Samhandling med andre instansar for å ivareta barnet

Kartlegging av born og unge sine behov

- I arbeidet med og oppfølging av vaksane, spør om det er born involvert i familien.
- Spør eventuelt ledsagar til pasienten om pasienten har mindreårige born.
- Spør etter bornas namn, fødselsdato, bustad, språk, eventuelt landbakgrunn og opphaldstid i Norge.
- Når pasienten sjølv er born, spør føresette om barnet har mindreårige søsken.
- Spør kva ansvar pasienten har for barnet; foreldreansvar, daglig omsorg, samværsrett og eventuelt omfang av samværet med barnet.
- Spør om barnet har hjelpeapparat rundt seg.
- Undersøkt i pasienten sin journal eller epikrise ved mangelfullt svar.
- Er det andre måtar å fange opp born som pårørande?

Avklaring av omsorgssituasjon til born som pårørande

- Er føresette i stand til å bistå barnet med problema og belastningane?
- Får barnet tilstrekkeleg følelsesmessig støtte, oppfølging og tryggleik ut frå sin alder, utvikling og den aktuelle situasjonen med sjukdom hos føresette?
- Korleis er dagleglivet for barnet organisert og ivaretatt med hensyn til struktur og rutiner?
- Ved sjukdom, funksjonsnedsettelsar eller spesielle behov hjå barnet eller ungdommen, kva er eksisterande hjelpetiltak eller kontakt med hjelpeinstansar?
- Tek vaksne ansvar for praktiske oppgåver i heimen?
- Tek vaksne ansvar for eventuelle omsorgsoppgåver for den sjuke?
- Har barnet roller og ansvar i heimen eller ovanfor den sjuke, som burde ha vore utført av vaksne omsorgsgivarar?

Tiltak for born som pårørande

Tiltak kan variere frå avgrensa støttetiltak til meir omfattande hjelpetiltak som krev henvisning og samarbeid med andre tenester.

- Når helsepersonell som yter helsehjelp til vaksne pasientar vurderer det som naudsynt at born som pårørande har behov for oppfølging, skal helsepersonellet **innhente samtykke** frå pasienten og/eller den andre med føresettsansvar før tiltak vert igangsett.
- Helsepersonell bør oppfordre føresette til å involvere barnet sitt, gjerne bistå dei med råd og rettleiing om kvifor dette er viktig.
- Gje god støtte, informasjon og rettleiing til born, informasjonen må tilpassast barnets alder, utviklingsnivå, personlegheit, eigenskap osv.
- Bruk ulike hjelpemiddel i samtale med born (brosjyre, hefter, bøker, teiknesaker osv.)
- Bidra til at born får moglegheit til å møte andre born som har opplevd det same.
- Lytt alltid til erfaringar og bekymringar frå born og ungdom og tilby dei samtalar ved behov.
- Vær obs på ulike reaksjonar hos born.
- Bidra til å skape tillit og trygghet hos barnet ved å gi dei ærlige svar på sine spørsmål.
- Helsepersonell må legge til rette for at barnet får sei si meining om aktuelle tiltak ut frå sine egne ønskje og behov, i tråd med alder og modenhet.
- Helsepersonell må gjere seg kjent med lokale samarbeidspartnarar og sørge for at tiltak samordnast ved behov.
- Tverrfagleg samarbeid med andre fagpersonar må prioriterast for å ivareta barnet: Fastlege, helsestasjon og skolehelseteneste, barnehage og skule, familiesenter, barnevernstenesta, Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), relevante einingar og ressurspersonar i spesialisthelsetenesta, BUP, politi, tolk, prest, frivillige organisasjonar osv.
- Bidra til å ivareta born som pårørande også når samtykke ikkje blir oppnådd.
- Helsepersonell må legge til rette for at born som ønskjer å delta i ulike ritualer rundt dødsfall til sine næraste får moglegheit til det.
- Born må få tilbod om etterlatte-samtale eller etterlatteoppfølging etter dødsfall.

Referanser

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-64#KAPITTEL_2

<https://sshf.no/seksjon/BarnsBeste/Sider/Barn-som-p%C3%A5r%C3%B8rende.aspx#barn-som-p%C3%A5r%C3%B8rende>

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/parendeveileder>

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/parorendeveileder/informasjon-og-stotte-til-barn-som-parorende>.